



## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Petter Steen jr.	FE-00	21/9

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
023/21	Formannskapet	PS	22.03.2021

### **Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033. Høringsfråsegn frå Sveio kommune.**

**Prenta vedlegg:**

2021.01.21-hoyringsversjon-berekraftig-verdiskaping

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kommune gjev høringsfråsegn til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 slik det går fram av rådmannen sitt saksframlegg.

Formannskapet - 023/21

### **FOR - behandling:**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:**

Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

### **FOR - vedtak:**

Sveio kommune gjev høringsfråsegn til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 slik det går fram av rådmannen sitt saksframlegg.



# Saksutgreiing

## Samandrag

Regionreforma har gjeve fylkeskommunane fleire nye ansvarsoppgåver. Dei skal gje strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale tilhøve. Dei skal og hjelpa til med å mobilisera privat sektor, kulturlivet og lokalsamfunna i samfunnsutviklinga, og dei skal koordinera og samordna offentleg innsats og verkemiddelbruk.

Fylkeskommunane skal altså, slik det går fram av samfunnsoppdraget deira, samarbeida med kommunane i innovasjons- og næringsutviklingsarbeidet. Difor er det naudsynt for Sveio kommune å gje sine synspunkt inn i den fylkeskommunale planprosessen.

Framlegget til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 for Vestland fylkeskommune har svært mange gode strategiske vurderingar og vegval. Det er lett å seia seg samd med det meste av innhaldet, men det er trong for nokre presiseringar i tillegg.

## Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet i Vestland vedtok 19. januar 2021 å senda planen «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» i Vestland fylke på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen er sett til 26. mars 2021. Planen har fått ekstra relevans som følgje av både koronaepidemien og ein stadig tydelegare trong for omstilling av næringslivet.

## Saks- og faktaopplysningar

Plandokumentet gjer innleiingsvis greie for utfordringar og moglegheiter i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling. Planen peikar på to store hovudutfordringar for fylket:

- Få fart på den store omstillinga som skal gjera Vestland mindre oljeavhengig.
- Sikra verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket.

Både desse utfordringane kan setja samfunnet på prøve. Både Vestland og nabofylka i nord og sør er svært avhengige av petroleumssektoren i dag, både med omsyn til verdiskaping, arbeidsplassar og oppdrag til anna næringsliv. Vestland fylke står og oppe i store demografiske endringar, der særleg dei indre bygdene og dei minst sentrale områda opplever til dels sterkt fallande folketal. Samstundes stig talet på eldre i heile fylket.

Det blir peika på at innsatsen må rettast mot næringar som har stort potensial for låge klimautsllett, god lønsemnd og internasjonal vekst. Vestland fylke har eit godt utgangspunkt på alle desse tre felta.

Planen har tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling: Handlar om at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- Innovative og inkluderande samfunn: Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og ibuarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- Areal til næringsutvikling: Omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg



Samanhengen mellom desse kan samanfattast i denne figuren (Kjelde: vlfk.no):



Dokumentet gjev slik utdjuing av satsingsområda:

«Grøn næringsutvikling betyr at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål. Endringar og innovasjon knytt til grøn næringsutvikling vil skje på ulike måtar:

*Forbetring av eksisterande produkt, teknologi og tenester*

*Utvikling av ny teknologi, nye produkt og tenester, nye organisasjonsmåtar og nye marknader.*

*Etablering av heilt nye verdikjeder.*

*Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar.*

*Det vert eksperimentert for å finne nye løysingar på samfunnsutfordringane. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap. Vestland sine innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga gjennom relevant arbeid i eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv. Det er tre strategiar for arbeidet med innovative samfunn:*

*Utvikle berekraftige og inkluderande bu- og arbeidsmarkesregionar*

*Dele og dra nytte av innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi*

*Bygge kultur for innovasjon og medverknad*

*Areal til næringsutvikling omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling. Rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur er også eit sentralt element. Kommunane har gjennom sitt ansvar for arealforvaltning ei sentral rolle i denne satsinga.»*

Sjølve planen har eit tolvårig perspektiv. Difor blir det lagt opp til at det skal utarbeidast fireårige handlingsplanar og årsplanar. I desse planane blir detaljnivået høgare enn i sjølve den tolvårige planen.



I eit eige kapittel er det gjort greie for avgrensing og kopling til andre relevante fylkeskommunale planar.

Rådmannen syner elles til teksten i planframlegget som ligg som prenta vedlegg.

## Innkommne merknadar / Uttale frå partar

## Konsekvensar

### FN sine berekraftsmål



### Økonomiske konsekvensar

Ikkje aktuelt.

### Beredskap

Ikkje aktuelt.

## Vurdering

Rådmannen ser det slik at plandokumentet gjev eit godt grunnlag for vidare innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune. Rådmannen vil difor rå til at Sveio kommune gjev slik høyringsfråsegn:

Sveio kommune ser på høyringsutkastet «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» som eit godt dokument som gjev eit godt grunnlag for vidare arbeid på feltet. Kommunen meiner og at dokumentet gjev ei realistisk skildring av dei utfordringane lokalsamfunna i Vestland vil stå overfor i åra som kjem.

Sveio kommune ser at både utfordringar og mogelegheiter i Vestland har mykje til felles med det ein vil finna i nabofylka Rogaland og Møre og Romsdal. Kommunen vil difor oppmoda Vestland fylkeskommune om å ta ei leiarrolle i det samla innovasjons- og næringsutviklingsarbeidet på heile Vestlandet. På dette viset kan landsdelen setja dagsordenen når framtidige nasjonale satsingar skal gjennomførast.

Sveio kommune vil vidare peika på at samferdsel og kommunikasjonar også i framtida vil vera sentrale element i innovasjons- og næringsutviklingsarbeidet i Vestland og på resten av Vestlandet. Det går føre seg svært mykje innovasjonsarbeid knytt til utvikling av berekraftige transportløyningar på veg, til sjøs og i luftfarten. Vidare er god breibandstilgang, eit moderne vegnett, moderne hamner og flyplassar og tenlege logistikknutepunkt naudsynte om vårt lokale næringsliv framleis skal vera innovativt og konkurransedyktig internasjonalt.

## Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til framlegg til vedtak først i saka.

## Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.



Sveio kommune